

## Gode Sirkclar bidrar til auka satsing på entreprenørskap og lokal samfunnsutvikling

Gode Sirkclar har utvikla ei etablerarteneste for regionen. Med denne tenesta tar Gode Sirkclar ansvar for Fjell, Sund og Øygarden si satsing på entreprenørskap og lokal samfunnsutvikling. Tenesta gir råd og hjelp til nyetablerarar, og verksemdar. Entreprenørskap i denne samanhengen er oppstart av nye bedrifter, utviding av marknad eller utvikling av nye produkt som grunnlag for nye arbeidsplassar og auka verdiskaping.

Etablerartenesta er kommunal, men blir finansiert av Hordaland Fylkeskommune. På fylkesnivå er Gode Sirkclar si tilnærming lagt merke til, og vi blei difor inviterte til å halde forelesing på høgskuleutdanninga som er kome i gong på dette feltet.

Det er Fylkesmannen, Hordaland fylkeskommune og Innovasjon Noreg som denne hausten har starta høgskulekurs for auka satsing- og kompetanseheving på entreprenørskap og lokal samfunnsutvikling. Målet er å styrke kommunane si førstelineteneste. Målgruppa for utdanninga er kommunar, regionråd og næringsorganisasjonar.

Tema for forelesinga var utviklingsprosessar i næringsliv med utgangspunkt i kunstnarleg kompetanse. Gode Sirkclar har gjennom arbeidet med Perler i Nordsjøløypa, og særskilt gjennom prosjektet Kaisess, erfart korleis kunst- og kulturkompetanse kan nyttast i prosessar for nyskaping. Det var prosjektleiar for Kaisess, Tone Boska, som representerte Gode Sirkclar som foredragshaldar på kurset.



### Selstøbuene opna, ein milepæl i PIN-utviklinga

Perler i Nordsjøløypa, PIN, fekk eit stor løft då Selstøbuene i Telavåg blei opna etter restaurering 13. september. Buene var dei einaste bygningane som sto att etter at tyskarane utraderte heile bygda under andre verdskrigen. Kulturminnet er knytt til Nordsjøløypa som går mellom Telavåg og Glesvær, og Nordsjøløypegruppa ut mot havet var tilskipar saman med Museumvest avdeling Nordsjøfartmuseet og Sund kommune.

Arrangementet blei halde på Den europeiske kulturminnedagen. Om lag 70 personar deltok på turen i Nordsjøløypa frå Nordsjøfartmuseet til Selstøbuene. Då turdeltakarane kom til buene, blei dei overraska av ein monolog framført av Martha Golten. Den handla om korleis fiskarlivet på buene var før krigen, under attreisinga av bygda, og korleis det var å vere byfolk på ferie når dei leigde buene. Det var talar ved Øyvind Dahl frå Hordaland fylkeskommune og Laila Klemetsaune frå Sund kommune. Asbjørn Tofterå fortalde om restaureringsarbeidet, medan Arthur Selstø fortalde om korleis dei fiska då han var born. Varm heimelaga fiskesuppe, brød og heimelaga saft blei servert til alle. Til slutt var det båttransport tilbake til bygda for nokre, medan andre gjekk Nordsjøløypa tilbake til Telavåg.

### Kaisess i Trellevik

Perler i Nordsjøløypa og Trellevik Kystkultursenter er gått saman om å arrangere Kaisess i Trellevik. Kaisess er samhandling og prosessar mellom kunstnarar, lokalsamfunn, frivillige lag og organisasjonar. Vi jobbar med å finne sjela til denne staden, dei folka som bur her, og har budd her gjennom generasjonar. Vi kan røpe så mykje som at mat og munnleg forteljartradisjon står sterkt. Gjennom samhandling med kunstnarar lovar vi eit spanande Kaisess i månadskiftet februar- mars 2010. Om nokon skulle vere særskilt nyskjerrig og har lyst å høyre meir om prosjektet, ta kontakt. Prosjektleiar Kaisess: Tone.boska@godesirkclar.no eller styreleiar i Trellevik kystkultursenter: Nils Magne Vardøy nissien@online.no.

### Askøy tettere på Gode Sirkclar

#### Samling i regionen

Det blir eit stadig tettere samarbeid mellom Askøy kommune og Gode Sirkclar. Ordførar og rådmann frå Askøy var med under siste styremøte i selskapet, og dei fire kommunane er samde om å halde fram med ein prosess fram mot tettare integrering. Askøy har 25.000 innbyggjarar, og særskilt høg aktivitet både i næringslivet og folketalsutvikling.

### Generalforsamling i nettverk for havbruksnæring i Sund

28.oktober blei det første medlemsmøtet i Sotra Marine Industrinettverk halde. Kring 20 deltakarar fekk orientering om dagens tema, finansiering av nye prosjekt, og utviklingsarbeid i næringa.

### Akselerasjonskonferanse

Akselerasjonskonferansen skal få fart på samhandling på tvers av sektorar. Denne fyrste konferansen på Liaskjæret 10.november, er eit samarbeid mellom Gode Sirkclar og Universitetet i Bergen, siktemålet er å bringe næringsliv og offentleg verksemd tettare på Universitetet. VNR er samarbeidspartnar for seminaret, som blir halde i Liaskjærshallen med Liegruppen som vertskap. Det er framleis høve til å melde seg på, til Frede.thorsheim@godesirkclar.no, eller på nettsida vnr.no

### Gode Sirkclar inn i samfunnsplanlegging i Øygarden

Utvikling av Rong som senterområde er ei av utfordringane Øygarden kommune har bede Gode Sirkclar vere med på å løyse. Samfunnsplanlegging og stadutvikling blir viktige stikkord for arbeidet.

### Visjonen om Kystbyen blir konkret

Gode Sirkclar vil vere med Liegruppen i arbeidet med å forme Kystbyen. Mange gode samarbeidspartnarar må kome saman for å legge vilkåra til rette for eit godt samfunn. Gode Sirkclar vil vere med på å bringe inn kompetanse, og bidra til god samhandling mellom offentlege og private aktørar.

Stiftinga Kystsogeveke støtta opningsarrangementet.

### Guidekurs startar i mars, interesserte kan melde seg

#### Guidekurs for regionen Sotra og Øygarden

Perler i Nordsjøløypa ved Guideservice skal starte opp guidekurs i byrjinga av februar. Kurset vil gå over 50 timar og gå føre seg på kveldstid og på laurdagar fram til slutten av april. Det vil bli førelesingar og praktiske øvingar. Kurset vil legge vekt på å aktivisere deltakarane i grupper og blir avslutta med ei praktisk prøve. Kurset vil passe for personar som er kulturinteresserte, naturinteresserte, og for personar som arbeider i turist- og servicenæringa. Det blir eit informasjonsmøte i høve guidekurset på Fjell Kulturhus 20.01.10. Det er mogeleg å bli sett opp på ei interesseliste ved å sende melding til margrethe@museumvest.no Velkomen på guidekurs.